



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8199 - 20/23961

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
29.04.2020

Førebels svar på søknad om ferdigattest - gbnr 477/38 Solheim Vestre

Tiltak: Ferdigattest - reiskapshus/garasje og garderobeanlegg
Byggjestad: Gbnr: 477/38
Tiltakshavar: Radøy Idrettslag
Ansvarleg sækjar: Arkoconsult AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.04.2020.

Søknaden gjeld ferdigattest for tiltak godkjend i vedtak datert 17.12.2018, jf. vedlegg. Tiltaket omfatta reiskapshus/garasje og garderobeanlegg. Det er i søknaden gjort greie for at reiskapshus/garasje ikkje er oppført og vert trekt ut av søknaden. Det vil seia at kommunen vil handsama søknaden om ferdigattest for garderobeanlegget. Dersom reiskapsbod/garasje skal først opp seinare må det sækjast på ny.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- **Innmålingsdata**
Vi kan ikkje sjå å ha mottatt Innmålingsdata som dokumenterer plassering av tiltaket. Innmålingsdata må sendast inn i KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare).
- **Avfallsplan**
Tiltaket har krav til avfallsplan, jf. TEK17 § 9.6. Vi kan ikkje sjå å ha mottatt sluttrapport for avfall. Dette må sendast inn.
- **FDV-dokumentasjon**
Det må gjerast greie for at dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert eigar.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **01.06.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve gbnr 477-38

Kopi til:

Radøy Idrettslag

Slettevegen 815

5939

SLETTA

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN